



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
19.5.2012	2012/3555	Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
9/12	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	24.5.2012

DISTRIKTSVISE HANDLINGSPLANAR FOR OPPFØLGING AV DET PSYKOSOSIALE ARBEIDSMILJØET

Ei omfattande medarbeidarundersøking (MTM-undersøkinga) i september 2011 har tatt pulsen på det psykososiale arbeidsmiljøet i tannhelsetenesta. Resultata gir oss gode haldepunkt for å identifisere nærværsfaktorane i arbeidssituasjonen - kva vi må halde fast på og kva vi må forbetre. I fem distriktsmøte i januar og februar 2012 har alle tilsette gjennom verkstader (gruppearbeid) starta prosessen med å identifisert tiltak knytt til bevaringsområde og forbetningsområde, både på distriktsnivå og klinikknivå.

Oppfølging av verkstadane har skjedd gjennom arbeid med handlingsplanar på klinikknivå. Handlingsplanane skal løyse lokale identifiserte utfordringar og forbetre eller bevare dei gode sidene ved arbeidsmiljøet ved klinikken.

Pr. mai 2012 er dette arbeidet oppsummert på distriktsnivå gjennom eigen "Handlingsplan - oppfølging av MTM-undersøking" for 4 av distrikta (vedlagt).

Dei distriktsvise handlingsplanane blir lagt frå for SAMU-T til orientering.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef